

VEDLEGG 1:

Rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune

1. Forankring i lovverket

Opplæringslova § 8-1- lyder: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

2. Inntaksområde for barneskulane

Stord kommune har sju krinsar med barneskular: Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio, Langeland, Leirvik, Hystad og Rommetveit. (Elevane på Huglo skule går for tida på Rommetveit skule.)

Grensene mellom dei ulike skulane er teikna inn på oversiktskart for kommunen. Av kartet er det mogeleg å identifisere kva skulekrins husstanden høyrer til.

3. Inntaksområde for ungdomsskulane

- Stord ungdomsskule: Skulekrinsane Leirvik og Langeland, samt elevar frå bustadområda Heiane Sør/ Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen.
- Nysæter ungdomsskule: Skulekrinsane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio
- Nordbygdo ungdomsskule: Skulekrinsane Hystad og Rommetveit

4. Tildeling av plass

Husstandane i dei ulike skulekrinsane soknar som hovudregel til skulen i eige krinsområde. Ved tildeling av plass skal det takast omsyn til (ikkje prioritert):

- Geografiske og trafikale forhold
- Om eleven har søsken med skuleplass på same skule
- Om det er kapasitet på den enkelte skule

Elevar på 1. trinn vert tildelt skuleplass i mai månad, det året dei byrjar på skulen.

Det kan vera at skuleeigar må gjera vurderingar av kva som er eleven sin nærskule. Subjektive forhold kan innebera at eleven sin nærskulen er ein annan skule enn den grensene i kartet tilseier. Føresette kan innan 01.12. kvart år søkja skuleeigar om kva skule eleven skal byrja på kommande skuleår.

Det kan også være at eleven vil søkje om å gå på ein annan skule enn nærskulen, såkalla fritt skuleval. Slik søknad må sendast skuleeigar innan 01.02. det året eleven skal byrja på skulen

5. Klagerett

Tildeling av skuleplass i høve til opplæringslova § 8-1, er i medhald av forvaltningslova eit enkeltvedtak. Vedtaket kan påklagast, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå det tidspunkt føresette/eleven fått tildelt plass, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29. Ein eventuell klage må vera skriftleg og grunngjeven og den skal sendast til skulen. Dersom kommunen ikkje tar klagen heilt eller delvis til følgje, vil klagen med alle vedlegg bli sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming. Vert klagen teke delvis til følgje, vil eit nytt vedtak med ny frist for klage, bli sendt til Dykk frå kommunen. Fylkesmannen si avgjerd er endeleg og kan ikkje påklagast.

6. Iverksetjing

Forskrifta gjeld frå og med 01.08.17